



## MØTEPROTOKOLL

## A

**Utval:** Ulstein kontrollutval  
**Møtestad:** Ulstein rådhus, møterom Kommunestyresalen  
**Dato:** 10.02.2021  
**Tid:** 13.00 – 15.00

### Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon
Ivar Mork	Leiar
Asbjørn Gausdal	Nestleiar
Berit Lyngstad	Medlem
Gerd Bang Brevik	Medlem
Knut Kleiven	Medlem

### Faste medlemmer som ikkje møtte:

### Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for
------	-----------

### Frå Vest kontroll møte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar Vest Kontroll

### Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS møte:

Namn	Stilling
Halldis Moltu	Oppdragsansvarleg revisor

### Frå administrasjonen og politisk hald møte:

Namn	Stilling
Aage Christensen	Dagleg leiar i UEKF
Idar Brekke	UEKF Prosjektleiar

## **SAKLISTE**

- SAK 10/21 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL
- SAK 11/21 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 12/21 MELDINGAR
- SAK 13/21 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2021
- SAK 14/21 ORIENTERING FRÅ SSR IKS
- SAK 15/21 ORIENTERING FRÅ UEKF – BYGGING AV NY ULSTEIN BARNESKULE OG BRANNSTASJON
- SAK 16/21 OPPFØLGING AV TILSYNSRAPPORT OM VEDLRLAG FOR OPPHALD I INSTITUSJON – KOMMUNESTYRESAK 14/21
- SAK 17/21 SAKER TIL EVENTUELL SEINARE BEHANDLING

SAKER SOM MÅTTE KOMME TIL

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
10/21	033	28.01.2021	10.02.2021	KS

## GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL

### Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent. Sak 14/21 går ut grunna koronasituasjonen. Ingen har saker til seinare behandling, jf. Sak 17/20.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Gerd Bang Brevik.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
11/21	049	28.01.2021	10.02.2021	KS

## GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 27.01.2021.

### Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 27.01.2021.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
12/21	033&17	03.02.2021	10.02.2021	KS/JS

## MELDINGAR

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

### Vedlegg

1. Frå bladet Kommunal økonomi nr. 1 januar 2021. «Bevilgningsoversikt drift».
2. Frå bladet Kommunerevisoren 1. 2021. «Saman styrker vi offentlig revisjon».

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
13/21	033&58	28.01.2021	10.02.2021	KS

## GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2021

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknad til gjennomgådde møteprotokollar.

### Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.).

Dokumenta finn ein på Ulstein kommune si heimeside -  
<https://innsyn.ulstein.kommune.no/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&>

Møteprotokollar til gjennomgang (merka med feit skrift):

Administrasjonsutvalet:

Arbeidsutvalet for utgreiing av kommunal barnehage:

Fellesrådet: **19.01**

Formannskapet: **15.01 26.01**

Formannskapet som klageorgan:

Klagenemnd eigedomskatt:

Kommunestyret:

Levekårsutvalet: **20.01**

Nammenemnda:

Skattetakstnemnda:

Styret i UEKF:

Teknisk utval: **21.01**

Ungdomsrådet:

Valstyret:

Valutval:

Viltnemnda:

SSR IKS – styret

Sendt til leiar

SSR IKS – representantskapet

Sendt til leiar

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
14/21	030&18	02.02.2021	10.02.2021	KS/JS

## ORIENTERING FRÅ SSR IKS

### Samrøystes vedtak

Saka vert utsett inntil avklaring om koronasituasjonen, men ein tek sikte på eit ekstramøte i april.

### Saksopplysningar

Dagleg leiar i SSR IKS Einar Heimdal og styreleiar Georg Fulford er kalla inn for å orientere og svare på spørsmål frå kontrollutvalet. Jf. Sak 70/20:

«Kontrollutvalet ber dagleg leiar og styreleiar i SSR IKS samt ordførar møte i neste møte for å orientere om ulike tilhøve vedkomande oppfølging av selskapskontrollen, handsaming og levering av grøntavfall, innkjøp, kundehandsaming m.m.»

Ordførar vert og kontakta for å møte.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
15/21	030&18	02.02.2021	10.02.2021	KS/JS

## ORIENTERING FRÅ UEKF – BYGGING AV NY ULSTEIN BARNESKULE OG BRANNSTASJON

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringa frå dagleg leiar og prosjektleiar til vitende.

## **I møtet**

Dagleg leiar Aage Christensen og prosjektleiar Idar Brekke orienterte og svara på spørsmål. Dei brukte også orientering på skjerm.

### Barneskulen

Totalentreprise kontrakt med Riise Bygg for prosjektet.

Mål for ferdigstilling -overlevering er haustferien 2021.

UEKF jobbar også med å få på «plass» interiør som ikkje ein del av avtalen med entreprenøren.

### Brannstasjonen

Arkitekt Sporstøl.

Noko utfordrande – då teknisk etat har stått føre prosjekteringa.

Vanskeleig å handtere også m.o.t. økonomi.

Ramme på 32,3 mill.

Treng året for å bli ferdig.

## **Saksopplysningar**

Dagleg leiar i UEKF Aage Christensen er kalla inn for å orientere om bygginga, samt svare på spørsmål.

<b>Saksnr:</b>	<b>Arkivnr:</b>	<b>Dato:</b>	<b>Møtedato:</b>	<b>Saksbehandlar:</b>
16/21	047	02.02.2021	10.02.2021	JS

## **OPPFØLGING AV TILSYNSRAPPORTEN OM VEDERLAG FOR OPPHALD I INSTITUSJON – KOMMUNESTYRESAK 14/21**

### **Samrøystes vedtak**

1. Kontrollutvalet viser til kommunestyrevedtaket i sak 14/21 pkt a og ber kommunerevisjonen setje i gang med utføring av det vedtekne oppdraget. Utgifter til revisjonen går over kommunen sitt honorar til revisjonen og ein viser til avtalen om betalingsordninga.
2. Kontrollutvalet registrerer at ordførar har inngått engasjementsavtale inklusiv betaling med advokat Reidar Andresen på vegne av kommunestyret i denne saka. Jf. Protokolltilførsel i kommunestyremøte 26.11.2020.

## **I møtet**

### Kommunestyret sitt vedtak:

«KOM- 14/21 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek at:
  - a. Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS får i oppdrag å kontrollrekne alle vederlagsberekningar for gifte med heimebuande ektefelle med privat pensjon samt gjere stikkprøver av vederlagsberekningar for einslige i perioden frå og med 01.01.2008 til og med 31.12.2015, så langt det er mogleg å dokumentere. I tillegg skal revisjonen utføre etterlevelseskontroll av vederlagsberekningar for 2019.
  - b. Advokat Reidar Andresen skal, som lekk i oppfølginga av tilsynssaka, vurdere dei formelle tilhøva kring vedtaka som inngår i revisjonen sin kontroll.

Vurderinga skal også omfatte vedtaka i dei sakene som revisjonen kontrollerte for perioden 2016-2018.

- c. Advokat Reidar Andresen rapporterer til kontrollutvalet under granskinga knytt til eksternt varsel.
- d. Kontrollutvalet bør ta sikte på å rapportere på kommunestyret sitt første møte etter ferien.

Ordførar vart henta inn i møtet vedkomande avklaring for avtalen med advokat Andresen. Han viser til:

«PROTOKOLLTILFØRSEL I HØVE VARSLINGSSAK Kommunestyret viser til motteke varsel og sluttar seg til at advokat Reidar Andresen får i oppgåve å gjennomgå varslinga og undersøke kor vidt det er grunnlag for varslinga og melde tilbake til kommunestyret kor vidt varselet må følgjast opp vidare. Det vert peika ut ein representant i kommunens administrasjon som skal bidra til å framskaffe tilstrekkeleg dokumentasjon for undersøkingane. Vedkomande vil då jobbe på instruks frå ordføraren.  
Røysting: Protokolltilførselen vart samrøystes vedteke.»

#### **Vedlegg**

E-post frå kommunen v/kommunen sin jurist av 03.02.2021 vedkomande oppbevaring.

#### **Saksopplysningar**

Kontrollutvalet må ta standpunkt til kommunestyret sitt vedtak om i møte 04.02.2021 sak 14/21 om vidare oppfølging av tilsynsrapport om vederlag for opphald i institusjon. Det gjeld bestillinga til Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.

Per dato har ikkje sekretariatet fleire opplysningar, bortsett frå e-post av dag frå kommunen sin jurist vedkomande oppbevaring / kassasjon av enkeltvedtak om vederlagsbetaling for opphald på kommunal sjukeheim, som kan føre til noko endring i høve til vedtaket som ligg føre.

<b>Saksnr.:</b>	<b>Arkivnr.:</b>	<b>Dato:</b>	<b>Møtedato:</b>	<b>Saksbehandlar:</b>
17/21	033	03.02.2021	10.02.2021	JS

#### **SAKER TIL EVENTUELL SEINARE BEHANDLING**

Ikkje saker å ta opp til vurdering. Jf. Sak 01/21.

#### **Vedlegg**

Ingen.

#### **Saksopplysningar**

Ingen.

**Møtet slutt.**

Ivar Mork  
Leiar

Gerd Bang Brevik  
Medlem

**Utskift til:** Kommunestyret som melding.  
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.  
Ordfører og kommunedirektør til orientering.